



07 OKT 2008

Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Arve Meidell, 55 57 21 10

Vår dato
05.10.2008
Dykkar dato
30.06.2008

Vår referanse
2008/9078 008
Dykkar referanse

Justis- og politidepartementet
Postboks 8005 Dep
0030 Oslo

JUSTISDEPARTEMENTET	
- 7 OKT 2008	
SAKS NR:	200408231
AVD/KONT/BEH:	RBA /RBA/HAS
DOK NR:	103
ARKIVKODE:	614.9

Høringsuttale - Utkast til "lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret"

Vi viser til utsendte høringsutkast frå Justisdepartementet datert 30.06.2008 med frist for å gjø uttale 07.10.2008.

Innleiing

Dette lovutkastet er tenkt å erstatte lov av 17. juli 1953 nr 9 om Sivilforsvaret som vart til rett etter 2. verdskrig og som primært hadde som føremål å verne sivilbefolkninga ved krig eller krigsliknande situasjonar. Sidan den gong har trusselbiletet endra seg vesentleg. I dag er fokuset i mykje større grad retta mot uønskte hendingar i fredstid, noko også lovutkastet ber preg av sjølv om hovudlinene frå 1953 framleis ligg fast. Fokuset på fredstidshendingar inneber til dels store endringar på fleire område, mellom anna med omsyn til kommunane sitt ansvar og Sivilforsvaret sine oppgåver i fredstid.

Sivilforsvaret

Det synast å vere fornuftig å utnytte Sivilforsvaret sine ressursar til å kunne ta hand om hendingar i fredstid. Dette bør følgjast opp med ytterlegare satsing på modernisering og oppgradering av personell, materiell og utstyr. Til dømes vil det kunne vere aktuelt med spesialkompetanse, så vel som meir og tyngre utstyr i tråd med dei behov som vert avdekt gjennom m.a. kommunale og regionale ROS-analysar.

Tidlegare hadde Forsvaret vesentlege ressursar som i krisetilfelle kunne nyttast til å styrke den sivile beredskapskapasiteten. Desse ressursane har langt på veg forsvunne i takt med nedbygginga av Forsvaret. Ei opprusting av Sivilforsvaret vil til ein viss grad kunne kompensere for dette. Sivilforsvaret har og den styrke at dei er ein desentral organisasjon som er representert over det ganske land.

Tilfluktsrom

Ansvar for tilfluktsromstenestene, dvs. tilsyn og kontroll, bør etter vår meining ikkje flyttast frå Sivilforsvaret. Sjølv om dette ikkje har vore ei prioritert teneste dei seinare åra, så er det framleis Sivilforsvaret som har spisskompetansen på dette området. Verken kommunar eller private eigarar har per i dag nausynt kompetanse eller ressursar til å ta hand om denne oppgåva slik vi ser det.

Kommunane

Fylkesmannen er positiv til at kommunane i lovutkastet vert pålagt generell beredskapsplikt, men vil peike på at det er trong til ytterlegare utdjuping av kva denne plikta inneber. Beredskapsplikta bør såleis følgjast opp gjennom tilhøyrande forskrifter som utdjupar innhaldet. Kor langt går til dømes det kommunale ansvaret for sektorovergripande ROS-analysar, kva eigenberedskap skal den einskilte kommune rå over osb.

Sjølv om det i lengre tid har vore forventingar til at kommunane skal arbeide med samfunnstryggleik og beredskap, viser erfaringane at dette fagfeltet ikkje er blant dei som til dagleg får høgast prioritet. Såleis må ein pårekne at det lovutkastet som no ligg føre, vil medføre behov for ytterlegare ressursar til arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. For mange kommunar vil det truleg og vere stort behov for kompetanseheving for å kunne ivareta oppgåva på ein tilfredsstillande måte.

Per i dag er det få kommunar, om nokon, som har gjennomført ROS-analysar på alle tenestoområde, langt mindre sektorovergripande ROS-analysar. Dersom ein legg til grunn at sektorovergripande ROS-analysar skal inkludere ROS-analysar på tvers av organisasjonsgrenser, t.d. politi, spesialisthelseteneste, sivilforsvar, kommune m.fl., så er truleg talet tilnærma lik 0. Slike ROS-analysar vil krevje vesentleg styrking av både kompetanse og ressurstilgang.

Lovutkastet kan såleis medføre vesentlege endringar for kommunane i form av utvida og til dels også nye oppgåver og dermed auke i utgiftene.

Omgrepet sektorovergripande ROS-analysar bør elles definerast nærare. Slik det står i dag, kan det lesast både som sektorovergripande i høve til kommunen sine eigne sektorar, men og som sektorovergripande i høve til kommunale og statlege styresmakter m.fl.

Erfaringane frå ei rekke større hendingar visar at det er trong til vesentleg større innsats enn det dei fleste kommunane er i stand til å bidra med, kanskje med unntak av dei største byane. Vidare går mange av desse hendingane på tvers av kommunegrensene, noko som medfører stor trong til samordning av innsatsen. Såleis bør det vurderast å etablere eit sektorovergripande regionalt samarbeid/apparat som kan hjelpe til med koordinering, strategisk leiing, spisskompetanse, ressursdisponering og materiell. Dei økonomiske tilhøva må i tilfelle og leggjast til rette for ei slik løysing. Styrking av Sivilforsvaret kan vere ein del av dette, samanslåing av mindre brannvesen til større interkommunale einingar ein annan, men det er og mogleg å tenke seg at ansvar for slike bistandsoppgåver vert lagt til dei største kommunane.

Utgifter til lagring og forvaltning av sivilforsvarsmateriell mv.

Når det gjeld forvaltning og vedlikehald av Sivilforsvarets materiell mv. er vi samd i at etaten sjølv må ta hand om dette. I tillegg er vi av den oppfatting at også utgiftene med dette bør dekkjast av Sivilforsvaret, eller over statsbudsjettet. Vi finn med andre ord at det ikkje er rett at kommunane skal dekke denne utgiftsposten, mellom anna fordi dei ikkje rår over utgiftsnivået, men og fordi desse ressursane vert nytta av andre statlege etatar som t.d. politiet og spesialisthelsetenesta.


Evakuering

Vi er noko usikker på kva som ligg i omgrepet evakuering i ikkje tidskritiske situasjonar og ikkje minst grenseoppgangen mellom kva som er tidskritisk og ikkje må i tilfelle gjerast sær tydeleg. Vidare er vi tvilande til om folkesetnaden vil akseptere evakuering i ein ikkje tidskritisk situasjon. Allereie i dag ser vi at folk vegrar seg mot å verte evakuert sjølv i kritiske situasjonar der det er politiet som har fatta avgjerda. Ei evakuering vedteke av kommunen i ein ikkje tidskritisk situasjon vil truleg verte langt verre å gjennomføre. Såleis vil vi tilrå at mynde til å vedta evakuering framleis ligg heilt og fullt til politiet.

Fylkesmannen i Hordaland si oppsummering

1. Vi er samd i at det er behov for oppdatering av lovverket innan sivil beredskap, herunder framlegget om lovpålagt kommunal beredskapsplikt.
2. Det er likevel stor trong til ytterlegare avklaring av fleire tilhøve gjennom utfyllande forskrifter for å kunne ta stilling til konsekvensane av lovutkastet. Eit døme på dette finn ein i neste punkt.
3. Det bør avklarast nærare kva som ligg i omgrepet sektorovergripande ROS-analysar. Dersom dette er tenkt å gjelde på tvers av kommunale og statlege etatar, friviljuge lag og organisasjonar m.fl. så bør ansvarstilhøva kring dette utdjupast ytterlegare.
4. Sivildforsvarets organisasjon, kompetanse og utstyr bør oppgraderast i samsvar med dei oppgåvene dei kan verte pålagt, mellom anna gjennom behov avdekt i ROS-analysar.
5. Ansvar for tilsyn og kontroll med tilfluktsrom bør verte liggjande hjå Sivildforsvaret.
6. Sivildforsvaret bør heilt og fullt dekkje alle eigne utgifter.
7. Mynde til å vedta evakuering i ikkje tidskritiske situasjonar bør liggje hjå politiet, og ikkje leggjast til kommunane.
8. Både kommunane og eventuelt fylkesmennene må tilførast ressursar til å ta hand om det meirarbeidet som lovutkastet vil medføre. Departementet skriv og sjølv på side 50 at dei er merksame på at konsekvensane av lovforslaget er sær uavklart: *"Lovforslaget er i det vesentlige lagt opp som en rammelov som forutsettes utfylt av forskrifter. Det betyr at de administrative og økonomiske konsekvenser først vil kunne estimeres nærmere i tilknytning til revisjon av forskriftsverket."*
9. Avslutningsvis bør det vurderast om det er trong til å gjere ei tilvising til denne nye lova i kommunelova.

Med helsing



Svein Alsaker



Arve Meidell
Fylkesberedskapssjef